

Styremøte i Sogn og fjordane Sau og Geit

Aurland 21.03.2013

Til stades:

Ragnhild Sæle
Lars Nesse
Rune Myklebust
Lene Engvik Rasch
Vidar Sandal (vara)
Sigurd Vikesland (nyvalt i sentralstyret Sau og geit)

Sak 1: Referat og meldingar

Ragnhild: Har delteke på landsmøtet. Ho har og vore i møte med landbruksministeren i Skei, og informert han om ståa i småfenæringa i fylket

Lars: Delteke på landsmøtet. Møte i Statens landbruksforvaltning. Tema her var mellom anna: beiteprosjektet- nedgang i tal på beitedyr, alveld, og at radiobjeller som går på satellitt no er satt i produksjon.

Rune: Vore i møte med landbruksministeren.

Me blei einige om at styremedlemmane sender inn stikkord om kva dei har vore på i forkant av styremøtene, til sekretæren.

Sak 2: Ulukka i Kjøsnesfjorden

Rune gjekk igjennom ei oppsummering av saka. Me diskuterte erstatningssatsar. Vedtak: Det bør ikkje liggje til grunn at ein må kjøpe livdyr, pga smittefare. Erstatningssatsane, særleg på kje, må aukast. Ragnhild sender skriv om dette.

3. Fagtur

Planen var fagtur til Askrova og omliggande øyar, men alt husvære var oppteke. Denne turen blir i staden 7-9 juni i 2014. Me diskuterte fagtur i år, og kom fram til at me vil ta turen til Brekkestrandsområdet. Ragnhild tek kontakt med Leif Brekken, leiar i Kyrkjebø Sau og Geit. Me vil søkje om middel til dette, mellom anna Organisert beitebruk (frist 01.04).

4. Leiersamling 2013

Leiersamlinga 2012 var delt opp i regionar. Styret meiner det kan vere lurt å variere på dette, og vil difor ha den samla i år. Me vil høyre om møringane vil ha felles leiersamling med oss, Lars tek kontakt. Viss dei er med tek me sikte på Ørsta. Me vil søkje støtte frå FK og Nortura, som då får sekvenser på samlinga. Me tek sikte på slutten av oktober. Viss ikkje møringane er med, spør me hordalendingane om å ha leiersamling i lag med oss . Balestrand er i så fall ein mogleg stad. Jordbruksforhandlingane bør diskuterast allereie på denne samlinga.

5. Nytt avlsutval sau

Styret gjekk inn for denne samansetjinga:

Tom Idar Kvam: leiar

Einar Helge Haugstad: kåringsansvarleg

Kjell Olav Kusslid (bruksbesetning)

Johannes Nedrebø (Nortura)

Lars Nesse (nestleiar og representant frå styret i SFSG)

Leif Tore Kårstad (1. vara)

Kjell Mardal (2. vara)

Olav Tiemann Hegg (3. vara)

Avlsutvalet skal få utvida mandat. Dei skal sjølv, i lag med styret i SFSG, få komme med framlegg til retningslinjer for kva dei tykkjer utvalet skal jobbe med. Avlsutvalet må og ta stilling til fordeling av godtgjersle til kåringsansvarleg og leiar, innanfor budsjett.

Styret tykkjer og godtgjeringane til dommarar bør aukast. Me ber avlsutvalet om å kome med forslag på korleis dette kan gjerast, innanfor dei økonomiske rāmene utvalet har.

6. Fadderordning

Eva har delt inn lokallaga geografisk etter kor styremedlemmane bor. "Fadrane" skal ha eit spesielt ansvar for "fadderborna" sine. Lokallaga kan sjølv sagt kontakte kven dei vil av styremedlemmane, uavhengig av kven som er fadder deira . Denne lista skal leggest ut på heimesida, slik at alle veit kven som er fadder til deira lokallag.

7. Status lokallag –kor mange og kva for lag har ikkje sendt inn årsrapport/ tillitsvalte

Lene gjekk igjennom lista, og fadrane noterte seg laga som dei har ansvar for. Laga som ikkje har levert vil innan rimeleg tid bli kontakta av fadrane sine. Lene gjer beskjed til Eva om kva for lag av hennes som ikkje har levert.

8. Søknad om økonomisk støtte

Styret må få inn søknad med budsjett om støtte til arrangement før dei skal gjennomførast. Ved ein eventuell søknad i etterkant av gjennomført arrangement, skal rekneskap for arrangementet leggst ved. Elles vil me oppfordre lokallaga til å søkje støtte hos t.d. Nortura, FK, Organisert beitebruk, Fylkesmannen etc.

9. Møteplan 2013

Fagtur 10 juni, med eit kort styremøte. Leiarsamling oktober. Elles tek me møter når det er behov, i høve til kva for saker me har.

10. Ymse

-Stønad til multimediasjyre- ikkje aktuelt i denne omgang.

-Me har to videoar me skal prøva å få over på dvd, "Sauar i gamal tid", og "Rovdyrskadar på småfe".

-Rekruttering- unge bønder. Få det til på hausten eller vinteren, eventuelt i samband med geitehelg eller småfesamlinga.

-Styret må bli flinkare til å oppfordre til verving, og å påskjønne dei som har greidd å verve mange.

-Me snakka om å invitere den nye leiaren i NSG, og gjerne heile sentralstyret, til fylket vårt.

-Kome med forslag til kandidatar til "Rådgjevande organ i NSG" 1. juli 2013 - 30. juni 2015. ulike utval i NSG. Ragnhild tek kontakt med Wallin I NSG for å få vite kven som eventuelt gjer seg.

Sekretær i SFSG

Lene Engvik Rasch